

Rapport om formidlingsprosjektet *I vesterlei med 1700 års båtsoge*



Rotur med 1700 års båtsoge. Nærast kamera ror Sigmund Sørgerd og John Bordvik i Halsnøybåten. I midten ror Thor Borø og Stephan Barthel i Gokstadværingen og lengst borte ror Laban Eliasson og Hallgeir Forstrønen Bjørnevik i ein Oselvar.

Prosjektet

Å syna fram dei lange tradisjonslinene i norsk båtsoge gjennom foredrag, utstilling og demonstrasjon av fire klinkbygde båtar under den nordiske kystkulturfestivalen *Sail Húsavík*.

Bakgrunn

I 2009 gikk ni organisasjoner i samtlege nordiske land saman om samarbeid kring kystkultur og maritimt kulturminnevern. Målet er at samarbeidet skal etablerast permanent. Fyrste hendinga i dette samarbeidet er festivalen Sail Húsavík på Island 16-23. juli 2011. I 2012 er danske Esbjerg vertskap, i 2013 Karlskrona og Oslo overtek i 2014.

SAIL HÚSAVÍK

Norræn strandmenningarháttíð





KOMDU AÐ SIGLA

16.-23. júlí

Þú ferð um borð í heimsfrægar seglskútur, lærir að sigla, smakkar á lostæti, nýtur tónlistar, kvikmynda og listasýninga, dansar og syngur.

Ævintýraleg og heillandi fjölskylduháttíð í sérflökki.

Stuttfull dagskrá frá morgni til kvelds fyrir alla fjölskyldumeðlimi.

Nánari upplýsingar á www.sailhusavik.is og á Facebook.





Toktet med *Sjøkurs*

Det var tidleg klart at Forbundet Kysten, Sognvaar Fyrs Venner og Søgne Kystlag skulle organisera tur til Island med det gamle hurtigruteskipet *Ragnvald Jarl*, som no seglar som skuleskipet M/S *Sjøkurs*. Skipet gjekk frå Stavanger 10. juli og returnerte 31. juli. På turen til Island var det stopp i Lerwick på Shetland og i Tvøroyri på Færøyane. På returferda var det stogg i Torshavn på Færøyane og i Kirkwall på Orknøyane.

Økonomi

Tanken om å presentera dei fire båtane i lag går attende til Brest Maritime Festival 2008, men då klarte ein ikkje å få grønt lys hjå alle båtane. Sidan Forbundet KYSTEN no klarte å ordna fri lugarplass for deltakarane i formidlingsprosjektet og båtane vart teke om bord på *Sjøkurs* som dekkslast og transportert til Island kostnadsfritt, var det alt lagt eit godt grunnlag for at prosjektet *I vesterlei med 1700 års båtsoge* kunne sjøsetjast. Johannes G. Eide gjorde ein flott innsats med å skaffe annonsørar til programheftet.



Med heilsides annonsar frå Jotun, Eide Marine Services, Westcon og Sparebanken Vest gjekk heftet med overskot. Vidare tok Oselvarklubben

på seg å dekkja trykkjekostnadene til heftet samt dekkja reiseutgifter for Kjell Magnus Økland. Utover dette har alle båteigarar lånt ut båtane kostnadsfritt samt at prosjektet har fått materiell og tenester på fleire frontar. Alle deltakarane i prosjektet har dessutan ytt ein formidabel dugnadsinnsats. Det same gjeld ikkje minst dei mange positive medseglarane på *Sjøkurs* som har stilt velvillig opp for å bæra og ro båtane hit og dit. Vidare har fleire kystlagsmiljø og Oselvarmiljøet stilt velvillig opp med utlån av naust, båt, tilhengar og anna utstyr. Det seier seg sjølv at kvart einaste av desse bidraga har vore heilt avgjerande for prosjektet.

Prosjektleiar Kjell Magnus Økland framfor Oselvaren *Peder*. Biletet er teke på Sandsli, om lag halvvegs i transportetappen Austevoll-Tysnes.

Foto: Karen-Maria Andersson.

Brosjyren

Før avreise til Island vart det laga eit hefte i A5-storleik med 16 sider og fargestrykk med tekst på både norsk og engelsk. Denne vart trykt i 800 eksemplar hjå Bodoni Hus og er i hovudsak laga av Kjell Magnus Økland, som har skrivne den norske teksten og vore redaktør. Den engelske omsetjinga er gjort av Karen-Maria Andersson. Bileta i brosjyren er stort sett teke av desse to. Den grafiske formgjevinga er laga av Elin Iversen. Brosjyren inneheld ei omtale av prosjektet, båtane og dei vidare planane om dokumentarfilm og undervisningshefte.

I vesterlei med 1700 års båtsoge i lasterommet

Sailing westwards with 1700 years of boating tradition on board



Kvifor Island?

Å stilla ut og demonstrera fire tradisjonelle båtar rommar visse utfordringar når det gjeld logistikken. Dei fire båtane i prosjektet er Halsnøybåten, Gokstadfæringen, den råsegrigga Oselvaren *Vebjørn* og den regattarigga Oselvaren *Peder*. Båtane var spreidd på fire ulike stader i Sør-Noreg og laut fraktast til same staden. Når dei nemnde føresetnader om fri lugarplass og fri frakt med *Sjøkurs* vart klare, var det opplagt at den nordiske festivalen var den rette ramma for å presentera desse båtane samla i.

Litt logistikk

Turen vestover: Den fyrste båten som kom om bord i *Sjøkurs* var *Peder*. Båten er eigd av Austevoll Seilforening og vart henta av Kjell Magnus Økland på Storebø 7. juli og køyrt på tilhengar (utlånt av Jan Fossberg, Milde) til Tysnes. Der stod båten laga i Siglarlaget Njord/Tysnes sitt anlegg *Njordstø* til 10. juli. Då vart han frakta til *Sjøkurs* av Jan Vee og heist om bord i Våge, før *Sjøkurs* sette kursen sørover 10. juli. Neste båt om bord var Halsnøybåten, som vart frakta i lag med eit delane til eit grindbygd naust i ein kontainer. Johannes G. Eide organiserte at *Eide Lift* leverte denne kontaineren midtfjords mellom Halsnøy og Stord, då *Sjøkurs* gjekk frå Tysnes til Stavanger 10. juli.



Gokstadfæringen og Oselvaren *Vebjørn* er komne til Stavanger 10. juli. Foto: Kjell Magnus Økland.

Berre kort tid før dette fekk me høyra frå Ivar Otto Myhre at han laut trekkja seg frå Islandsturen, grunna at det var oppstått ein skade på båten hans. Kort tid før avreise fekk Tore Friis-Olsen i Forbundet Kysten lånt ein annan Gokstadfæring frå Gaia Kystlag i Sandefjord. Denne vart så køyrt på tilhengar til Stavanger 10. juli av Ivar Otto Myhre. *Vebjørn* vart henta i Lysefjorden og køyrt på tilhengaren til Jan Fossberg til Stavanger av Kjell Magnus Økland.

Vel om bord i *Sjøkurs* vart alle båtene stuva på framdekket og surra fast. På Island vart *Peder*, *Vebjørn* og Gokstadfæringen sjøsette straks *Sjøkurs* var fortøydd i Húsavík. Halsnøybåten vart løfta på land av ein mobilkran og køyrt bort til utstillingsområdet.

Heimturen: Båtane vart frakta frå utstillinga til *Sjøkurs* av Per Otto Svendsby, Norvald Skåtøy og Ole Vidar Søviknes. Som på vegen til Island vart båtane stuva på fremre dekk og surra i samråd med mannskapet på *Sjøkurs*.

Attende i Stavanger den 31. juli vart Gokstadfæringen henta og køyrt til Sandefjord av Ivar Otto Myhre. Kjell Magnus Økland kom frå Bergen med bil (utlånt av Hallgeir Forstrønen Bjørnevik) og tilhengar (utlånt av Milde Båtlag) og Norvald Skåtøy køyrde så denne bilen og *Vebjørn* attende til Bergen. Kjell Magnus køyrte så *Peder* på tilhengar til Austevoll. Containeren med Halsnøybåten vart henta av Eide Marine Services sin trailer og køyrt til Halsnøy. Dermed var alle båtane heime seinast dagen etter at *Sjøkurs* kom til Stavanger.

Sjøreise

På førehand var det knytta ei viss spaning til korleis det ville gå å ha båtane på dekk under overfarten. Skipper og mannskap på *Sjøkurs* kunne forsikra om at båtane stod på ein trygg plass. Sidan opninga til lasteluka til *Sjøkurs* var kortare enn alle båtane, ville det truleg vera meir risikabelt å freista å fira båtane ned 6 meter på høgkant, enn å la dei stå på dekk. Når veret var svært roleg under båt overfartane, så var det liten grunn til å uroe seg for båtane sin tryggleik.

Stilt vær og Færøyane i sikte.
Foto: Karen-Maria Andersson.



Over: Båtane vert stuva på dekket til *Sjøkurs* 10. juli. Under: Mobilkran måtte til for å løfta containeren med Halsnøybåten og naustet. Begge foto: Tore Friis-Olsen.





Hamneområdet i Húsavík på Island. *Sjökurs* ligg fortøydd ytst på moloen i Húsavík, utstillinga med båtane og naustet til venstre i framgrunnen. Foto: Ole Vidar Søviknes.

Sjökurs gjekk frå Stavanger 10. juli. Fyrste stogg var Lerwick på Shetland. Her kom skipet inn om kvelden måndag 11. juli. Om morgonen dagen etter drog Kjell Magnus Økland, Ole Vidar Søviknes, Hallgeir Forstrønen Bjørnevik og Norvald Skåtøy for å gjera filmopptak, fyrst på Busta House på Burra og dinest på Jarlshof og Sumburg Head. Neste stogg for *Sjökurs* var på Tvøroyri på Suderøya på Færøyane, der skipet kom onsdag 13. juli. Her arrangerte lokalsamfunnet stor mottaking og fest på *Siglur Loftid*. Kvelden opna med at Kjell Magnus Økland heldt foredrag om båthandel over Nordsjøen, dinest var det allsong og dans. Dagen etter var det guida busstur før *Sjökurs* stakk vestover og kom inn til Húsavík på Island om morgonen laurdag 16. juli.



Flott syn då 75 seglskuter drog frå Stavanger 31. juli. Foto: Tore Friis-Olsen.

I vel ei veke låg skipet til kais før det var tid avgang frå Húsavík måndag 25. august. Fyrste stogg på heimreisa var Torshavn. Der kom skipet inn om kvelden tysdag 26. juli. Etter nesten tre døgn med Olsokfeiring gjekk så ferda vidare på fredag 29. juli. Laurdag 30. juli kom *Sjökurs* til Kirkwall på Orknøyan der det vart eit kort stogg på 7 timar før turen gjekk mot Noreg. Innkomsten til Stavanger vart storslått då seglskutene i *Tall Ships Races* gjekk ut frå hamna i det *Sjökurs* gjekk inn.



Kjell Magnus Økland fortel om båthandel over Nordsjøen på *Sigur Loftid* på Tvøroyri.
Foto: Ole Vidar Søviknes.

Foredrag

Kjell Magnus Økland fekk høve til å framføra det 20 minuttar lange foredraget *Båthandel over Nordsjøen* på to stader. På Tvøroyri opna han festen på *Sigur Loftid* framfor fleire hundre feststemte personar frå heile Norden. På det nyopna visningsenteret *Gardarshólmur* i Húsavík venta ei meir fagtung forsamling. Foredraget handlar om handel av båtar med særleg vekt på handelen frå Noreg til Shetland frå 1560-1860, men rommar òg innslag om båthandel til Orknøyan og Færøyan.



Johannes G. Eide, Hallgeir Forstrønen Bjørnevik og Kjell Magnus Økland i arbeid med å rigga til utstillinga. Skiltet er laga av eit kassert båtbord frå Oselvarverkstaden.
Foto: Karen-Maria Andersson.

Utstillinga

Utstillinga vart bygd opp kring det grindbygde nauset som hadde ei lengde på om lag 10 meter. Innvendig vart det plakautstilling om Halsnøybåten, brosjyrar, storskjerm og stolar til filmframsyning. Det var òg utstilling av økser og høvlar (utlånt av Hallgeir Forstrønen Bjørnevik, Johannes G. Eide og Espen Kutschera) samt ein stasjon der publikum kunne øva på å slå knutar.



Kjell Magnus Økland snik seg med på slektsbiletet av dei lange linene i norsk kystkultursoge. Frå høgre: grindbygd naust, ein byggjeskikk som har vore i bruk i fleire tusen år, Halsnøybåten frå 300-talet, Gokstadfæringen frå ca. år 900, ein Oselvar frå 2002, men rigga med råsegl, slik det vart gjort fram til etter midten av 1800-talet, og til venstre Oselvar med dagens moderne regattarigg. Foto: Karen-Maria Andersson.

Utanfor vart båtane sette opp etter alder, med Halsnøybåten i krybba si nærmast naustet, dinest Gokstadfæringen i ei krybba som vart laga på staden. *Vebjørn* stod på ein palle og det same gjorde *Peder*. Dei to Oselvarane stod tidvis med segl oppe, men ein del vind gjorde at me ikkje kunne ta sjansen på å heisa storseglet på *Peder*. Det vart plassert brosjyrar i båtane og det var personell på utstillinga frå klokka 10.00 til 18.00 i sju dagar frå sundag 17. til laurdag 23. juli. Å vurdera kor mange som vitja utstillinga totalt er vanskeleg men det må ha vore ein stad mellom fem og ti tusen personar. For publikum gav denne utstillinga både oversikt og nærleik. Mange tok båtane nært i augesyn, studerte detaljar og stilte spørsmål. Fleire sperra opp auga då det gjekk opp for dei kor lange liner utstillinga romma. Alle båtane fekk merksemd, men mange var ekstra oppteken av den eldste båten, Halsnøybåten. Eit høgddepunkt var sjølvsaft då Island sin statsminister, Jóhanna Sigurdardóttir, vitja utstillinga måndag 18. juli. Det var òg god publikumsinteresse kring naustet då det vart spelt trekkspel, steikt vaflar og ikkje minst då Hallgeir Forstrønen Bjørnevik demonstrerte halshogging.

Dem onstrasjon av båtane

Sundag 17. juli vart Halsnøybåten klargjort for sjøsetjing i lag med Gokstadfæringen og *Vebjørn*. Det vart rekruttert roarar: Laban Eliasson og Hallgeir Forstrønen Bjørnevik rodde Halsnøybåten, Sigmund Larsen og Elin Stølen rodde Gokstadfæringen og Odd Einar Harberg og Norvald Skåtøy rodde i *Vebjørn*. Ole Johan Alver stilte som førar av følgjebåt, ein MOB-båt utlånt frå *Sjøkurs*. Om bord i følgjebåten var Bente Foldvik frå Tidsskriftet Kysten og Ole



På veg ut av hamna i Húsavík møter Halsnøybåten ein Sunnfjords femkeiping.

Foto: Kjell Magnus Økland.

Vidar Søviknes fotografar, medan Kjell Magnus Økland var drigent. Dette vart ein prøvetur for å avgjera korleis ein burde gå fram for å få gode bilete dagen etter. Turen var lærerik og avslørte at det å samkøyra fire båtar i fart for å oppnå rett lysvinkel og motiv slettes ikkje er så enkelt. Etter fotografane sine oppsyn å dømme vart det likevel teke mange flotte bilete denne fyrste dagen.



Halsnøybåten fremst, Gokstadfæringen i midten og Oselvaren nærmast kamera. Å veifta etter måsen medan ein ikkje ror i takt, ser ut til å ha lang tradisjon i norsk båtsoge...

Foto: Kjell Magnus Økland.

Måndagen var været perfekt for fotografering og filming. Det vart samla nye mannskap til båtane: i Gokstadfæringen rodde Sigmund Sjørgjerd og John Bordvik, i Gokstadfæringen rodde Thor Borø og Stephan Barthel medan Laban Eliasson og Hallgeir Forstrønen Bjørmevik rodde *Vebjørn*. Følgjebåt denne dagen var den største MOB-båten og Oskar Halldorson var båtførar. Utanom Ole Vidar Søviknes og Kjell Magnus Økland var elles Eva Eliasson og eit par andre (har diverre gløymt namna) interesserte med i båten.

Denne dagen var hovudmålet å filma båtane frå sida. Båtane skulle ro parallelle kursar og Halsnøybåten skulle setja farten. Gokstadfæringen skulle så liggja ei halv båtlengd attom/framom Halsnøybåten og tilsvarende skulle så Oselvaren liggja ei halv båtlengd attom/framom Gokstadfæringen igjen. Denne såkalla trappeformasjonen vart så prøvd mot vinden, på tvers av vinden og med vinden.

Strandhogg i vesterlei.

Foto: Kjell Magnus Økland.



Måndagen vart på mange vis høgdepunktet for heile prosjektet. Bileta og filmopptaka som vart teken denne dagen vart bra og oppsummerar på sett og vis heile prosjektet *I vesterlei med 1700 års båtsøge*. Onsdag 20. juli var Kjell Magnus utpå og rodde i hamna med *Vebjørn* medan Ole Vidar Søviknes filma både frå baksken og frå land. Torsdag 21. juli var Per Otto Svendsby og Norvald Skåtøy utpå og segla råsegl med *Vebjørn* medan Ole Vidar Søviknes filma. På Færøyane var Per Otto utpå og viste *Vebjørn* for publikum under den store kapproinga på Torshavn.



Ole Vidar Søviknes filmar detaljar på Halsnøybåten. Foto: Karen-Maria Andersson

Medieomtale

I skrivande stund vert det framleis arbeid med å få til meir mediedekning. Dermed er ikkje fylgjande oversyn heilt komplett:

- Førehandsreportasje: *Fredelig strandhugg i vest* i Dagen 5. juli
- Førehandsreportasje *Oselvarar til kystkulturfestival på Island* i Os & Fusaposten 6. juli.
- Intervju med Tore Friis-Olsen på færøysk fjemsyn: *Dagur og Vikur*, onsdag 13. juli.
- Intervju med Hallgeir Forstrønen Bjørnevik på islandsk fjemsyn *Komdu að sigla*, fredag 15. juli. Mot slutten av dette programmet er òg Per Otto Svendsby og *Vebjørn* bakgrunnsaktør i ein stemningsfull scene der forfattaren Einar Már Guðmundsson les eit brev som han så sender som flaskepost utpå Nord-Atlanteren.
- Kjell Magnus Økland sin artikkel *I vesterlei med 1700 års båtsøge* i Os & Fusaposten 22. juli.
- *Skipshyggeren*, artikkel på Øyvind Ødegårds blogg 29. juli
- Nils Vermund Gjerstad sin artikkel *Oselvar-suksess på Island* i Bladet «Tynes» 4. august.



Linkar til desse sakene finst på www.kjellmagn.no 22. juli vart det òg laga ei pressemelding med tittelen *Rotur med 1700 års båthistorie*, men dette vart ikkje sendt ut grunna terrorangrepa mot Oslo og Utøya same dag. Det er i skrivande stund på gang omtalar av prosjektet i *Båtmagasinet* og *Bladet Kysten*. Det er likevel klart at prosjektet så langt ikkje har fått den medieomtalen som ein kunne vona på førehand.

Kritiske merknader

Tema for prosjektet er enkelt og oversiktleg, men innhaldet kan sjølvsagt utvidast ved eit seinare høve. Meir synlege skilt og plakatar kring båtane hadde sikkert vore nyttig. Vidare burde det vore ei plakattutstilling i naustet om Gokstadfæringen, *Vebjørn* og *Peder*, tilsvarende den som fanst om Halsnøybåten. Det burde òg vore ei tilsvarende plakattutstilling om naustet og grindverksbygging. Den planlagde seglinga med dei to Oselvarane laut utpå grunna tidspress og upassande vêr, det same gjaldt den planlagde filminga av ein scene der alle prosjektdeltakarane skulle samlast rundt båtane på ei strand like ved Húsavík.

Fleire i prosjektgruppa sakna meir oppfølging av prosjektet frå den islandske arrangøren (sjølv om det gjekk greitt å få tildelt utstillingsareal, gaffeltruck og mobilkran). Til dømes fekk arrangøren ved fleire høve tilbod om at me kunne presentera eit multimedieforedrag, til dømes i *Gardarshólmur* eller om bord på *Sjøkurs*, som ville romma båtutviklinga frå steinalderen og fram til i dag. Trass i at ein her hadde eit unikt høve til å få presentert sentrale delar av den nordiske båtsoga frå aktørane i prosjektet *I vesterlei med 1700 års båtsoge* vart diverre ikkje dette noko av.

Oppsummering

Prosjektet har stilt ut fire båtar som samla representerer 1700 års båtsoge. Sidan desse båtane ikkje har vore presentert samla tidlegare er dette såleis eit lite pionerarbeid. Prosjektet har vore svært vellukka og fått god respons frå publikum og internasjonal fjernsynsdekning frå både fjernsyn på både Island og Færøyane. Sjølve utstillinga av båtane bør gjentakast ved eit passande høve i Noreg. Kan hende kan ein då få til eit noko utvida opplegg som inkluderar båtbyggjarane av dei ulike båtane (gjerne iført tidsriktige klede), tidsriktig verkty og materialar. Vidare kan det supplerast med storskjerm som til dømes viser når materialen vert henta og den ferdige båten i bruk. For publikum er dette enkel og godt forståeleg formidling som gjer høve til refleksjon og nyfikne kring ei av dei

lengste tradisjonslinene i norsk kultursoge.

Sandsli, 18. august 2011

Kjell Magnus Økland
Prosjektleiar *I vesterlei med 1700 års båtsoge*

Meir info finst på www.kjellmag.no



I utstillinga tok ofte publikum seg god tid for å studera detaljar på dei fire båtane.

Foto: Ole Vidar Søviknes



Over: Båtasmiður Halgeir Forstrønen Bjørnevik heggur háls. Foto: Karen-Maria Andersson.

Under: Per Otto Svendsby og Norvald Sktøy seglar med den råseglrigga Oselvarfæringen *Vebjørn* utanfor Húsavík. Foto: Ole Vidar Søviknes.

